

**GF 1 - Friområde**

<b>BUSTAD - SEIM</b>			
<b>Gbnr.:</b> 173/3 <b>Føremål i dag:</b> LNF <b>Areal storleik:</b> 1 daa <b>Forslagstillar:</b> Inge Herman Rydland			
<b>Omtale av området:</b> Omsøkt areal ligg på eit flatt område på oppsida av intern veg for Sollia bustadfelt. Føreslått omdisponert til friområde (leikeplass). Utviding av bebyggelsesplan Solbakken (Sollia bustadfelt). Er kopla til KU Bustad 5. Utviding vil gje grunnlag for flytting av friareal og etablering av bustad på eksisterande friareal.			
Tema	Konsekvens	Merknad	
Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram		I strid med samfunnsdelen strategi 39; Oppretthalde kulturlandskapet gjennom å leggje til rette for aktiv drift og ta vare på verdifullt landbruksareal.	
<b>Miljø</b>	Forureining, klima og miljø		Ingen kjente konflikhtar.
	Landbruk og jordressursar		Fulldyrka jord.
	Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag		Ingen kjente konflikhtar.
	Landskap		Landskapstype; LT21-02 Middels brede fjordløp
	Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv		Ingen kjente konflikhtar.
	Klimatilpassing		Ingen vesentleg konflikt.
	Strandsone		Ikkje relevant.
<b>Samfunn</b>	Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner		Ingen kjente konflikhtar.
	Sosial infrastruktur		Ikkje relevant.
	Transportbehov		Ikkje relevant.
	Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA)		Ikkje relevant.
	Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit		Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse.
	Folkehelse		Området er eigna som friområde (leikeplass). Kan opparbeidast til ein møteplass for omliggande bustadområde.
	Barn og unge		Området er flatt og eigna som friområde (leikeplass).
<b>SAMLA VURDERING</b>			
Omsøkt areal ligg på fulldyrka jord. Det er difor ikkje eigna som friområde (leikeplass).			
<b>TILRÅDING</b>			
Innspelet vert ikkje tilrådd.			

**B 5 - Bustad**

BUSTAD - SEIM			
<b>Gbnr.:</b> 173/3 <b>Føremål i dag:</b> LNF <b>Areal storleik:</b> 1 daa <b>Forslagstillar:</b> Inge Herman Rydland			
<b>Omtale av området:</b> Omsøkt areal ligg i eit etablert bustadområde. Foreslått omdisponert til bustad. Ligg som friområde (lekeplass) i bebyggelsesplan Solbakken (Sollia bustadfelt). Innspelet er kopla til GF 1 - Friområde. Utviding vil gje grunnlag for flytting av friområde (lekeplass) og etablering av bustad på eksisterande friområde.			
Tema	Konsekvens	Merknad	
Overordna strategiar/ samfunnsdel/ planprogram		Vurdert som mindre vesentleg jf. både kommunale, regionale og nasjonale føringar.	
Miljø	Forureining, klima og miljø		Ingen kjente konflikhtar.
	Landbruk og jordressursar		Bebygd område.
	Naturmangfald, vassmiljø og verna vassdrag		Ingen kjente konflikhtar.
	Landskap		Landskapstype; LT21-02 Middels brede fjordløp. 7 m høgdeforskjell på omsøkt areal. Ligg midt i eit etablert bustadområde.
	Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv		Omsøkt areal ligg som friområde i gjeldande bebyggelsesplan. Omsøkt endring til bustad føresett at GF 1 - Friområde vert tilrådd.
	Klimatilpassing		Ingen vesentleg konflikt.
	Strandsone		Ikkje relevant.
Samfunn	Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner		Ingen kjente konflikhtar.
	Sosial infrastruktur		Seim barneskule har lite/ingen kapasitet per i dag. Eit strekk av Fv. 401 er definert som særleg farleg/vanskeleg i «Analyse særleg farlege skuleveggar»; smal veg, høgefjellskjeringar på den eine sida og stup ned på andre sida. Ingen plass for mjuke trafikanter.
	Transportbehov		Ingen vesentleg konflikt.
	Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA)		Offentleg vatn og avløp, men ikkje brannvannsdekning. Privat veg til Fv. 401.
	Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit		Det er ikkje gjennomført sårbarheitsanalyse for innspelet. Dersom innspelet blir tilråda må det gjennomførast ein sårbarheitsanalyse.
	Folkehelse		Friområde (leikeplass) er ein viktig møteplass i eit bustadområde. Omsøkt tiltak føresett at leikearealet vert erstatta, gjennom GF 1 - Friområde .
	Barn og unge		Omsøkt areal er avsatt til friområde (leikeplass) i bebyggelsesplan. Omsøkt tiltak føresett at leikearealet vert erstatta, gjennom GF 1 - Friområde .
SAMLA VURDERING			
Etablering av bustad på omsøkt areal er i utgangspunktet ikkje konfliktfylt. Tiltaket føresett derimot at friområde (leikeplass) vert erstatta med eit nytt areal GF 1 - Friområde. GF 1 - Friområde vert ikkje tilrådd, og ein kan ikkje opne opp for bustad på omsøkt areal, då det ikkje er tilgjengeleg erstatningsareal.			
TILRÅDING			
Innspelet vert ikkje tilrådd, på grunn av at GF 1 - Friområde ikkje vert tilrådd.			